



Haldningar og miljø

Gode haldningar kjem ikkje av seg sjølv. Det er difor viktig at trenarar og lagleiarar er opptekne av haldningsskapande arbeid. Arbeidet startar frå spelarens fyrste dag i klubben. Viktige omgrep er: **Ansvar, respekt, disiplin og toleranse.**

Spelarens haldningar

I forhold til deg sjølv

- Positivt forhold til riktig kosthald.
- Forståing for nok kvile og søvn i samband med trening og kamp.
- Rusmidlar i samband med handball aksepterast ikkje.
- Ta ansvar for eiga utvikling.
- Møte på trening for å trene, ikkje for å trenast.

I forhold til trenar/lagleiar

- Lytt og lær.
- Det er lov å vere ueinig med trenar/lagleiar, men vurder tidspunkt for å ta det opp.
- Ikkje prat bak ryggen ved usemd.
- Gje alltid beskjed ved forfall til trening og kamp.
- Vis lojalitet overfor trenar/lagleiar si avgjersle.

I forhold til dommare

- Godta dommarens avgjersle.
- Unngå kort for usportsleg opptreden.
- Vis respekt!

I forhold til klubben

- Vær stolt av klubben din!
- Si ja når klubben ber deg om ei teneste.
- Når du har spelardrakta på deg representerar du ikkje berre som spelar, men ein heil klubb!
- Det er mange som står på for at du skal ha eit handballtilbod.

